

Frå: Politisk styringsgruppe Kommunereforma

Til: Formannskapet

Undervegsrapport pr. 10.02.2015

1. Bakgrunnsinformasjon

Politisk styringsgruppe sender hermed over til formannskapet ein første undervegsrapport frå gruppa sitt arbeid. Rapporten blir send via rådmannen, som legg den til grunn for sak til formannskapet 25. 02. 2015.

Politisk styringsgruppe blei nedsett av kommunestyret i møte 3.september 2014, gjennom vedtak i samband med handsaming av K-sak 056/14, «Kommunereform – vegen vidare».

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannensine vurderingar og legg desse til grunn som Finnøy sin strategi for det vidare arbeidet med kommunereforma.
2. Kommunestyret gjev gruppeleiarane saman med ordførar og varaordførar fullmakt til å fylgje opp saka og ta rolla som styringsgruppe for prosessen vidare. Forhandlingsutvalet skal på vegne av styringsgruppa ha den direkte dialogen med aktuelle kommunar. Rådmannen stiller sekretær/utgreiingshjelp til disposisjon for styringsgruppa.

Den politiske styringsgruppa konstituerte seg 29. 09. 2014, med ordføraren som leiar. Rådmannen har stilt Svein Helgesen til disposisjon som sekretær og prosessrettleiar. Gruppa har etter konstitueringa fram til 10.02.2015 hatt 4 møte. Til eitt av møta var Fylkesmannen invitert og møtte v/avdelingsdirektør Lone Solheim og prosessrettleiar Arnfin Rosnes.

2. Grunnlag for styringsgruppa sitt arbeid

Styringsgruppa har lagt hovudføringane i rådmannen sitt saksframlegg til kommunestyret 03. 09. 2014 til grunn for arbeidet sitt. Gruppa har visjon og mål i samfunnsdelen i ny kommuneplan 2014-26 som eit overordna utgangspunkt. Viktige grunnlagsdokument for prosessen er:

- Regjeringa og Stortinget sine mål for kommunereforma
- Kommune sine fire hovudoppgåver (*tenesteyting, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og demokratisk arena*)
- Innstilling frå Ekspertutvalet, først og fremst ti hovudkriterium for robuste kommunar

I tråd med tilråding frå rådmannen i K-sak 056/14 legg styringsgruppa særleg vekt på følgjande premissar, nedfelt i samfunnsdelen i kommuneplanen:

- Kommunesamanslåing er ikkje eit mål i seg sjølv, men kan vere eit verkemiddel for å oppnå gode vilkår for innbyggjarane og vidareføre berekraftige lokalsamfunn. Ev. nye modellar må fremje fortsatt busetting, vekst og utvikling i alle delar av Finnøy.
- Finnøy har som utgangspunkt for prosessen at kommunen skal vere samla, slik den framstår i dag. Det vil vere aktuelt, i kontakt med Hjelmeland, å vurdere Ombo spesielt. Føretrekte samtalepartnarar er andre kommunar i Nord Jæren-regionen.
- Kommunen skal i prosessen vere mest opptatt å diskutere og greie ut korleis aktuelle alternativ kan/vil verke inn på følgjande nøkkelfaktorar:

- *Utvikling av tenestetilbodet til innbyggjarane i alle delar av kommunen – tilgang og kvalitet.*
- *Rekruttering/tilgang på kompetanse, spesielt innan små og sårbare fagområde.*
- *Lokalisering av offentlege instansar, spesielt dei folk bruker oftast og mest.*
- *Kommunikasjonsmessig infrastruktur, med særleg fokus på konsekvensar for dei 30-40 % av innbyggjarane i kommunen som har sjøen som sin einaste veg til/frå omverda.*
- *Vilkåra for dei små og levande lokalsamfunna i kommunen– med særleg fokus på utviklingsvilkår for folkeleg engasjement, medverknad og eit levande lokaldemokrati.*

3. Styringsgruppa sitt arbeid så langt

Styringsgruppa har så langt drøfta og avklara framdrift, arbeidsform og hovudalternativ for analyse og drøfting. Status kan oppsummerast i følgjande hovudpunkt:

a. Framdriftsplan

Utgangspunktet for den lokale prosessen er at alle kommunar skal gjennomføre lokale prosessar og avklare forholdet sitt til ev. kommunesamanslåing gjennom vedtak i kommunestyret innan våren 2016. Styringsgruppa foreslår ein framdriftsplan i 3 fasar:

- Fase 1: november 2014 – februar 2015:
Innleiande gjennomgang og drøfting. Undervegsrapport og drøftingssak i formannskapet 25. 02. 2015.
- Fase 2: mars – september 2015:
Vidare utgreiingsprosess. Sluttrapport frå styringsgruppa og drøftingssak i formannskapet 03.06. og kommunestyret 17. 06. 2015
- Fase 3: oktober 2015 – juni 2016:
Med bakgrunn i sluttrapport frå styringsgruppa og handsaming av sak i kommunestyret 17.06. 2015 blir prosessen vidareført etter kommunevalet i september med nytt kommunestyre som ansvarleg. Styringsgruppa vil leggje fram forslag til konkret framdriftsplan hausten 2015/våren 2016 i sluttrapporten i mai 2015.

b. Arbeidsform

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har laga ein rettleiar og eit analyseverktøy til hjelp for kommunane i den lokale prosessen. Styringsgruppa har nett starta opp arbeid med såkalla SWOT-metodikk med sikte på å identifisere og drøfte sterke sider, svake sider, moglegheiter og truslar ved ulike alternativ, jf. vedlegg. Gruppa vil i den vidare prosessen også bruke KMD sitt dataverktøy som gir faktainformasjon om ulike samanslåingsalternativ.

Styringsgruppa hadde tidleg eit møte med prosessrettleiar og avdelingsdirektør hos Fylkesmannen for å bli orientert om og drøfte aktuelle problemstillingar i prosessen. Spørsmål om Finnøy sine spesielle utfordringar knytta til geografi, kommunikasjonar og regional forankring var sentrale i diskusjonen. Styringsgruppa meiner at Finnøy har eit så spesielt utgangspunkt når det gjeld geografi og infrastruktur, at kommunen bør søkje Fylkesmannen om ekstra skjønsmidlar for å finansiere ekstern fagleg bistand til å få sett fokus på og tydeleggjort desse utfordringane.

c. Hovudalternativ for vurdering

Styringsgruppa har med bakgrunn i signal frå kommunestyret konkludert med at den vil vurdere og gå systematisk gjennom følgjande aktuelle scenario/alternativ:

- «Nullalternativet»: Finnøy held fram som eigen kommune
- «Storkommunealternativet»: Finnøy blir ein del av ein storkommune på Nord Jæren, med Stavanger som «hovudstad». Under dette alternativet kan det tenkjast to underalternativ:
 - ✓ *Regionkommune* – geografisk stor region og ev. utvida ansvar for regionale oppgåver
 - ✓ *Storkommune* – samanslåing av nabokommunar, i utgangspunktet utan overføring av fylkeskommunale oppgåver
- «Mellomalternativet»: Finnøy blir ein del av ein ny mellomstor kommune med Finnøy, Kvitsøy, Randaberg og Rennesøy.

Styringsgruppa har i utgangspunktet ulike syn på kva alternativ ein meiner er mest realistiske. Gruppa ser likevel verdien av at ein for å få eit best mogleg beslutningsgrunnlag bruker tid på å gå gjennom og vurdere fordelar og ulemper ved alle dei nemnde alternativa.

d. Deltaking i regionale prosessar

Styringsgruppa meiner at Finnøy etter å ha gjort ein analysejobb «på heimebane» har behov for kontakt med nabokommunar («ta nabopraten») og bør finne vår plass i regionale prosessar.

Så langt synest status og vegen vidare med tanke på regionale prosessar noko uklår. Ryfylkekommunane Strand, Forsand og Hjelmeland er kome relativt langt i ein konkret prosess for å vurdere samanslåing. Kvitsøy deltar aktivt i eit nettverk av kystkommunar i heile landet. Kommunane i Jærrådet har vore i prosess i eitt år. I løpet av hausten har Stavanger, Sola og Randaberg vore med på delar av dette arbeidet. Sist i januar forplikta dei åtte ordførarane i desse kommunane seg til å vidareføre samarbeidet gjennom ei felles utgreiing og la ein konkret framdriftsplan for denne prosessen.

Stavanger kommune sende i desember 2014 ut invitasjon til kommunane i Jærrådet, dei tre nemnde Ryfylkekommunane, Randaberg, Sola, Rennesøy, Kvitsøy og Finnøy til å samarbeide breitt om å greie ut og drøfte felles regionale utfordringar. Rådmannen og Svein Helgesen representerte Finnøy på eit møte i Stavanger om dette initiativet 03. 02. 2015.

Hovudkonklusjonen så langt er at Gjesdal, Hå, Klepp, Time, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg går vidare med sitt felles prosjekt, og at samanslåingsprosessen mellom Forsand, Hjelmeland og Strand held fram for fullt. I tillegg ønskjer Stavanger meir kontakt og samarbeid med dei tre nabokommunane i nord (Finnøy, Kvitsøy og Rennesøy) som pr i dag ikkje deltar i andre prosessar.

Styringsgruppa meiner at Finnøy vil ha fordelar av å vere involvert i breie regionale prosessar om kommunereforma og ser med ei viss uro på at Finnøy, Kvitsøy og Rennesøy no blir ståande på sidelinja i forhold til det arbeidet som er avtala mellom dei åtte kommunane på Jæren/Nord Jæren. Med dette som bakgrunn er det etter styringsgruppa sitt syn ekstra viktig at Finnøy relativt snart tar «nabopraten» med Stavanger og held tett kontakt med Rennesøy med sikte på gjensidig informasjon og drøfting.

4. Brei innbyggjarmedverknad

Kommunestruktur er som nemnt ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å oppnå overordna mål om likeverdige tenester, berekraftig samfunnsutvikling og levande lokaldemokrati. Styringsgruppa legg til grunn for arbeidet sitt at ev kommunesamanslåing samla sett må vere til fordel for dei som bur i kommunen. Det aktualiserer spørsmålet om informasjon og innbyggjarmedverknad.

Styringsgruppa har i prosessen så langt ikkje drøfta slike spørsmål grundig. Gruppa ser behov for å få fram eit betre og meir presist saksgrunnlag før vi kan gå aktivt ut med informasjon og be om folk sine synspunkt og meiningar. Vi vil i løpet av dei neste møta drøfte nærare og meir konkret når og korleis det er mest fornuftig å leggje opp informasjons- og medverknadsprosessen. Også her vil gruppa vurdere konkrete idear og verktoy tilrådd i rettleiaren frå KMD og hente erfaringar og råd frå andre kommunar.

5. Framtidige oppgåver for kommunane

Ekspertutvalet la i desember 2014 fram si innstilling om ansvar og oppgåver for kommunane i framtida. Regjeringa har varsla at den med bakgrunn i innstillinga vil leggje fram ei stortingsmelding om dette i løpet av våren 2015.

Styringsgruppa har så langt ikkje gått inn i og drøfta Ekspertutvalet sine modellar når det gjeld ansvar og oppgåver. Når det gjeld desse spørsmåla, er gruppa innstilt på å avvente innhaldet i den stortingsmeldinga regjeringa har varsla våren 2015.

6. Oppsummering

Målet med denne første undervegsrapporten er å orientere formannskapet om fokus og framdrift i styringsgruppa sitt arbeid med kommunereforma. Styringsgruppa ser det som naturleg at rådmannen sender rapporten over til Fylkesmannen som informasjon om status i det lokale arbeidet med kommunereforma. Styringsgruppa meiner i tillegg, jf. 3b, at kommunen bør melde til Fylkesmannen behov for ekstra midlar til finansiering av ekstern fagleg bistand for å få vurdert nærare Finnøy sine særskilde utfordringar (geografi og infrastruktur) i lys av kommunereforma.

Styringsgruppa er ikkje kome så langt i konkret analyse av ulike scenario/alternativ at det pr i dag er grunnlag for ei brei politisk drøfting av dette i formannskapet. Styringsgruppa ønskjer likevel å utfordre formannskapet til å gi innspel i forhold til følgjande hovudspørsmål: *Kva bør Finnøy kommune ha aller mest fokus på i «nabopratar» med andre kommunar.*

I tillegg ønskjer styringsgruppa ev. synspunkt/innspel i forhold til følgjande punkt:

1. Prioritering av hovudscenario/alternativ, i tillegg til «nullalternativet».
2. Deltaking i regionale prosessar.
3. Foreslått framdriftsplan.
4. Innbyggjarinformasjon/-medverknad.

Judaberg, 9.februar 2015

Gro Skartveit
leiar i Styringsgruppa

Svein Helgesen
sekr. og prosessrettleiar

Vedlegg: SWOT-analyseskjema